

MØTEPROTOKOLL

--

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 19 / 2018 Sak til: 26 / 2018	Onsdag 7 mars 2018	<u>Møtestad:</u> Herdla kyrkjelydshus.

Frammøtte: 6 av 7 medlemmer. 1 varamedlem

Til stades

Medlemer:

Kjellaug Fauskanger Eidsaa , Kjell Berland, Ivar Eidsaa, Solfrid Kongshaug Aase, Astrid Marie Haugland og Reidun Håpoldøy.

Varamedlem: Gunvor Eggebø Næss.

Meldte forfall: Einy Daviknes

Andre frammøtte:

Sak / år:

19/2018: Møteprotokoll frå møte 15 februar vart godkjent.

20/ 2018: Meldingar: Ingen meldingar.

21/ 2018: Gudstenesteliste:

18/02: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/Peter Johansen. Nattverd. Offer: Kirkens nødhjelp.

Familiegudsteneste. Tenn lys. Herdla barnekor deltek. Ansvarleg: Team 4.

21/02: **kl.19.00:** Fastegudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer:

Ungdomsarbeidet. Ansvarleg: Dei som kan frå teama.

04/03: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/Godtfred Haugland. Nattverd. Offer: Eige arbeid.

Ansvarleg: Team 1.

.....
18/03: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Peter Johansen. Dåp. Offer: Eige arbeid. Tårnagenthelg.

Familiegudsteneste. Ansvarleg: Team 2.

21/03: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

29/03: **kl.18.00:** Gudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer: Kirkens bymisjon.

Skjærtorsdag m / kvelds i kyrkjelydshuset etterpå. Ansvarleg: Dei som kan frå teama.

01/04: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Eige arbeid.

1 påskedag. Ansvarleg: Team 3.

22/ 2018 :Evaluering og førebuing av gudstenestene.

21/02: Fastegudstenesta: Ei fin gudsteneste med kyrkjevandring til forskjellige postar og der fleire deltok med lesing. Det er eit eige hefte til dette som vi brukte.

29/03:Kveldsmat i kyrkjelydshuset etter gudstenesta kl.18.00. Dei som kan, hjelper til. Klokkar er ikkje på gudstenestene i påska.

23/2018:Fasteaksjonen 20 mars:

Her er vi godt i gang med planlegginga. Har fordelt område og skal laga til bøssene. Det er 27 konfirmantar. Foreldre og andre er med og køyrer rundt, og nokre skal også gå med bøsser. Konfirmantane får brev om området dei skal gå og møteplass for tildeling av bøsser. Informasjon til foreldra vert sendt ut frå kyrkjekontoret. Det vert laga til i kyrkjelydshuset til aksjonsdagen som tidlegare år og mat vert kjøpt inn. Vi tel opp bøssene etter kvart som dei kjem inn.

24/2018: Medarbeidarfesten fredag 6 april:

Den bytjer kl.19.00 og påmeldingsfrist er 1 april.

Vi gjekk gjennom kven som skulle inviterast og litt om program.

25/2018: Hausten 2018: Spesielle gudstenester, offerlister etc.

Gjekk gjennom gudstenestelista for hausten og sette inn spesielle gudstenester og takkofferliste.

26/ 2018: Eventuelt:

- Tilskudd til prosjektkoret Credo. Vedtak: Vi gjev kr. 1000 frå Herdla sokneråd.
- Det vert kjøpt inn prosjektor i kyrkjelydshuset.
- 2 anbud frå elektrikerfirma i kyrkjelydshuset. Vedtak: Vi går for anbud frå Firma Håkon Olsen.
- Høyringsbrev: Justering av hovudgudstenesta og almenne reglar. Vi får mail frå Astrid Marie til gjennomlesing før neste møte. Frist for høyringsvar: 10 april.
- Det vert undersøkt priser for ordning/utviding av kjøkken.
- Kinnaspelet 2018 er 16 juni. Det går båt frå Bergen.

Neste møte vert onsdag 4 april kl.19.00

Håpolden, 21 mars 2018.

Reidun Håpoldøy.

Referent.